

# Jørgen er yngst i lustrapolitikken



**STASELEGE:** TRE FERSKE POLITIKARAR, OG EIN SOM GÅR PÅ SI TREDJE PERIODE SOM ORDFØRAR. OLAV HØYHEIM EINAN (F.V.), ANDREAS WOLLNICK WIESE OG JØRGEN LOMHEIM TANG ER ALLE NYE KOMMUNESTYREREPRÉSENTANTAR FOR SP. DEI VART TEKNE GODT IMOT AV ORDFØRAR IVAR KVALEN.

## • Mange nye politikarar • Vil tala ungdommane si sak

### Wenche Schanke Eikum

gaupne: – Fire år er lenge, men det går sikkert fint. Det blir spennande.

For første gong fekk Jørgen Lomheim Tang (18) stemma ved val i år. Han sa ja til ein plass langt nede på lista for Senterpartiet. Veljarane ville ha den unge karen, og stemde han rett inn i kommunestyret.

#### Ny dress

Før den høgtidlege konstitueringa av kommunestyret i Luster fekk representantane beskjed om å kle seg fint sidan dei skulle ta bilete. Dei fleste karane stilte i dress.

– Eg hadde ikkje tenkt det, for eg hadde ikkje dress. Men så møtte eg Olav Einan på Dressmann.

Einan er ein annan av dei unge og ferske politikarane. Som Jørgen er også han frå Hafslø, og var på kleshandel.

– Han meinte eg burde kjøpa ein dress eg også, smiler Jørgen.

### **Har å slektast på**

Og ny dress vart det på begge to. Jørgen har inga politisk erfaring, og har heller ikkje vore med i senterungdommen. Men han er ikkje framand for det politiske livet.

– Det har vore litt politisk snakk heime. Eg har ei mormor som har vore fylkespolitikar, og også møtt som vara på Stortinget. Og mamma sat i kommunestyret her i Luster i sist periode.

Mormor er Bjørg Eikum Tang, og mamma er Kjersti Eikum Tang.

### **Mykje å ta inn**

Før kommunestyremøtet var dei folkevalde på opplæring, og læringskurva er bratt for dei nye.

– Det er mykje å ta inn. Eg veit ikkje om eg fekk med meg alt, men trur eg fekk med det viktigaste.

### **Hjartesak**

Til vanleg er Jørgen tømrrarlærling hjå Hans Nes bygg. Og veldig oppteken av skikøyring. Dette kjem nok til å prega kva saker han ynskjer å fronta i politikken.

– Eg er på ski heile vinteren, både slalåm og frikøyring. Så utbygging av Sogn skisenter på Heggmyrane hadde vore flott.

Han skulle også ynskt at det var mogleg å nytta området på skisenteret utanom vint-eren.

– Det hadde vore flott å få til meir aktivitetar på andre tider av året. Stisykling har kome på plass, så kanskje ei bane for rulleski.

Jørgen vil også arbeida for at ungdom skal få fleire samlingsstadar.

– Det trur eg er for dårleg i dag. Ungdomar vil ha stadar å møtast på om kveldane, seier den ferske politikaren.

### **Snur fort**

Etter at det konstituerande møtet var over hadde Jørgen denne kommentaren:

– Det var spennande, det skjer ting fort. På medlemsmøtet måndag høyrdest det ut som dette skulle vera plankekøyning. Men so vart det endringar, og det er jo kjekt og spennande.

---